

Samarbeidsfylket

Hovudmål 1: Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftsmål	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 2: Utarbeide og vedta ny fylkesstrategi for kultur	
Ny fylkesstrategi for kultur er vedtatt	Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer vart vedtatt i fylkestinget i desember 2021.
Følgd opp ny fylkesstrategi for kultur i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025	Høyringsdokument for fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer er følgd opp i budsjett og økonomiplan 2022-2025, og resultatmåla i handlingsprogrammet for 2022 er basert på resultatmåla i fylkesstrategien.
Resultatmål 3: Etablere systematisk dialog og samarbeid med andre forvaltingsnivå og kunst- og kulturorganisasjonar om gjennomføring av langsiktige kulturpolitiske mål	
Følgje opp ansvarsområda i God Helse-samarbeidsavtalane med kommunane	Kommunane si rapportering for 2020 er publisert som eigen rapport og blir fulgt opp i dialog med kommunane. Fylkeskommunen har hatt nettverksamlingar, med både kompetanseheving og erfaringsdeling, samt gitt økonomiske tilskot for å følgje opp kommunane sine eigne folkehelseutfordringar.
Ny samarbeidsavtale om DKS og UKM er inngått med 20 komunar	Det er gjennomført to møte med arbeidsgruppe (tilsette frå kommunar). Grappa ønsker heller ein avtale for UNG kunst og kultur som femner breiare og vert forankra på toppnivå og/eller politisk i kommunane. Ventar til fylkesstrategi er vedtatt, arbeid held fram i 2022. Det er gjennomført verkstad med ungdomspanelet om elevmedverknad.
Arrangere to nettverksmøter med kommuneaktører om DKS	Det er gjennomført møte 3. mars og 4. oktober 2021.
Gjennomføre nettverksmøte med kulturaktører om hausten	Det er gjennomført fire møter: 23., 28. og 30. september, og 1. oktober 2021.
Gjennomføre kontaktmøte med kunst- og kulturinstitusjonar, samt frivillige lag og organisasjonar i dialogens kvartal	Det er gjennomført 17 ein-til-ein møter i dialogens kvartal, dei tre siste var etter sommaren.
Gjennomføre nettverks- og dialogmøte med kommunar og andre aktørar vi har samarbeids- eller intensjonsavtalar med	Det er gjennomført møte med Kirkens SOS og Momentum som vi har samarbeidsavtale i samband med gjennomføring av tiltaket ovanfor. Kommunale kultursjefar- og rådgjevarar har vore involvert til 3 samhandlingsmøter gjennom utarbeiding av fylkesstrategi for kultur i perioden mars-april 2021, samt eit webinar om satsinga på Ung Kunst og kultur 17.06.21. Kontaktmøte med 3 kommunar 25.11, før fylkeskulturkonferansen i Molde.
Resultatmål 4: Gjennomføre årlege møteplassar for erfaringsdeling og kunnskapsutvikling i kultursektoren	
Aktivitetskalender for arrangement og dialog med fylket sine kunst- og kulturinstitusjonar er etablert	Aktivitetskalender for arrangement og dialog vart planlagt våren 2021. Individuelle kontaktmøte (21) med utvalde aktørar er gjennomført april - juni. Større møtepunkt som fylkeskulturkonferansar (3) og informasjonsmøte om tilskot (3) er annonsert i fylkeskommunal kalender og sett inn i intern kalender for avdelinga.
Gjennomføre FrivilligFORUM x 1	Et møte gjennomført som webinar 2.juni, og ei fysisk samling 4.-5.oktober
Arrangere årleg tilskottsseminar x 1	Tilskottsseminaret vart gjennomført 14. september, digitalt, via Microsoft Teams. Sunniva Nerbøvik var konferansier/møteleiar og ymse tidlegare søkera av tilskot vart invitert. Vi fekk gode tilbakemeldingar på seminaret og vil gjennomføre dette også i 2022.
Etablere nettverk for erfaringsdeling om kunstnarstipenda x 1	Gjennomført 25. november 2021 i samband med fylkeskulturkonferansen. 6 Stipendmottakarar presenterte sine prosjekt og arbeid, og delte sine erfaringar.
Arrangere nettverk og kurs for folkebiblioteka i kommunane x13	Gjennomført tilsaman 31 nettverksmøter og kurs for biblioteka i 2021, både fysiske og digitale samlingar. Av desse er det m.a. gjennomført 2xkurs om spillformidling 2. og 3.12 i Kristiansund og Ålesund, og 2 leseleiar kurs i Shared Reading, eit fysisk og eit digitalt.
DKS-konferanse x 1	Gjennomført 28.04.21.
Fylkeskulturkonferansen x 1	Ålesund (21.10). Kristiansund (04.11). Molde (25.11).
Det skal arrangerast ei kompetansehevande samling for metalldetektoristar (ja/nei)	Det er gjennomført metalldetektorsøk i samarbeid med Møre Detektorlaug. Ved utgangen av året vart det laga ein video som er publisert på facebook som samanfattar og presenterer funn og noko av samarbeidet med metalldetektormiljøet i 2021. Videoen om metalldetektor funn hadde også ein informasjonsdel i starten der det vart lagt fram info om rutiner ved funn, og korleis ein bør gå fram generelt.
Opprette eit litteraturformidlingsnettverk i fylket (ja/nei)	Litteraturformidlingsnettverk oppretta 10.6.21.

Arrangere ein delingsarena for eit breitt spekter av kulturaktørar, som dei historiske spela, festivalane, kommunane dei høyrer til, reiselivsaktørar og frivillige.	Ein eigen dedikert delingsarena for nemde målgrupper har ikkje vore arrangert i 2021. Vi såg at behova vart ivarettatt gjennom tiltaksplana sine mange andre arrangement og møteplasser, som f.eks. dei tre fylkeskulturkonferansane, Frivilligforum, 2 tilskottsseminar, samlinga om internasjonale prosjekt for institusjonane, The North West, Innovasjonsfestival og andre fagspesifikke arenaer.
Nettverkssamlingar for folkehelseområde x2	Det er arrangert fleire webinar på folkehelseområdet. Fylkeskommunen var også medarrangør på nasjonal nettverkssamling for Sunne kommunar i september i Ålesund.
Hovudmål 2: Møre og Romsdal skal samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarak, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 4: Etablere programmet "digiTALT"- med fokus på ungdom, utdanning og digitalisering	
Programskisse og plan for første programperiode 2020-2024 er utarbeidd og vedtatt i samarbeid med relevante samarbeidspartar	Programmet digiTALT er omdøyppt til UNG kunst og kultur. Innretning og organisering av UNG kunst og kultur som verdiskapingsprogram blei vedteken av KNF 8.november 2021 og programplan for første programperiode er ferdigstilt i januar 2022. Ungdomspanelet har òg gitt innspel til programmet. UNG kunst og kultur er organisert i tre programområde; Den kulturelle skolesekken (DKS) med tema brukarmedverknad, Ung kultur møtes (UKM) med tema ny modell og fysiske møteplassar med tema datakultur og gaming. I tillegg er det etablert eit prosjekt "Nye muligheter for Digitale talent" som legg til rette for fleksible opplæringsløp innan IT-fag.
Opprette en tverrsektoriell prosjektorganisasjon med inntil fem ulike aktørar i styringsgruppa for første programperiode	I begge prosjekta (nemnt ovanfor) er det oppretta tverrfaglege og tverrsektorielle arbeidsgrupper. Det er ikkje etablert ei styringsgruppe, i tråd med prinsippa for porteføljestyringa.
Inngå FoU-samarbeidsavtale med inntil fem aktørar.	Det er inngått rammeavtale med Møreforskning om følgjeevaluering. Parallelt går ein prosess der fylkeskommunen søker Forskningsrådet om midlar til innovasjonsprosjekt i offentlig sektor. I dette arbeidet deltek Møreforskning, Helseinnovasjonssenteret, Sintef Digital og Oxford Reserach. Om slik tildeling vert gitt, er det naturleg å inngå samarbeidsavtale med alle desse aktørane.
Medvirkningsprosesser og pilotering av digitale fritidstilbod	I samband med opprettinga av møteplass datakultur, vart det gjennomført ein digital prosess.
Utlysning av virkemidlar til å utvikle nytt gjennomgående utdanningsløp innen digital formidling.	Det er gjennomført workshop med høgskole, fagskole og næringsaktørar med mål om å lande ein avtale om å utvikle slikt tilbod. For 2022 - tiltaket videreførast i prosjektet Digitale talenter og vert lagt inn i nytt verdiskapingsprogram kulturelle og kreative næringer, under strategi for å bygge stadlege kompetansemiljø.
Hovudmål 3: Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og nettverk for å få kunnskap, midlar til utviklingsprosjekt og påverke politikktutforminga i EU	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 3: Auke deltakinga i internasjonale kulturprosjekt	
Ein kompetanseheevande samling for kulturaktørar og frivillige lag og organisasjonar om moglegheiter for internasjonale prosjekt er gjennomført	Digital samling for institusjonar avholdt 26.5. Digitalt møte 2,5 time. KON v/Cecilia Lillthors og Kulturrådet 3 personar, ein større programpost. 2 case frå fylket: Teatret Vårt - europeisk nettverk. Kristoffer Dahle - Romaniaprojektet. Godt oppmøte frå kulturinstitusjonane.
Resultatmål 4: Etablere og vidareutvikle internasjonale nettverk omkring forvaltning og formidling av kulturarv gjennom EØS-prosjekt	
Etablere ulike arbeidsgrupper i Romania-prosjektet (ja/nei)	Prosjektgruppene er etablert, og dei fleste ressursane er kontakta og bekrefta. Nokon namn er foreløpige, og avheng av framtidig arbeidssituasjon.
Deltatt på minst ei nettverkssamling i Romania	Årets seminar er utsatt til neste år på grunn av Covid. I stadem for å gjere seminaret digitalt er det etablert ein ekstra digital workshop i oktober, omkring tema som var ønskja frå prosjektpartner.
Opprette ei stipendiatstilling og eventuelt gjennomføre PhD-prosjekt «Digital formidling»	Stillinga vart lyst ut rett før jul, og prosess blir fullført i 2022.
Hovudmål 4: Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggjarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 1: Ivareta og vidareutvikle den ressursen Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Ungdomspanelet er, for regional utvikling.	
Fylkeskommunale saker som er relevante for råda, blir lagt fram for uttale i råda	Ein opplever at dette er i stadig betring, då det har vore gjort ein innsats på dette over tid. Vi har fått kontaktpersonar på fleire fagfelt som også har gjort forankringa i organisasjonen lettare.
Gjennomføre samling for kommunale råd x 1	Samlinga vart avlyst, mellom anna grunna lav påmelding
Gjennomføre fylkeseldrekonferanse x 1	Fylkeseldrekonferansen blei gjennomført i Ålesund i november.

Involvere ungdomspanelet i to medverknadsprosessar for utvikling av kulturområdet (antall)	Ungdomspanelet har blitt involvert i to prosessar: 13.06: Verkstad om deltaking i og informasjon om kulturtilbod er gjennomført og 17.10: Sak til ungdomspanelet om programmet UNG kunst og kultur gjennomført.
Råda har vore involvert i minst to plan og/eller utviklingsprosessar på kvar fagavdeling	Råda har vore involvert i fleire saker innanfor samferdsel, kultur, kompetanse og nærin, men manglar saker frå tannhelse.
Kartlegging av råda for likestilling i kommunane er gjennomført	Kartlegginga er gjennomført

Miljøfylket

Hovudmål 1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 4: Sette tydelege krav til og vere pådrivar for val av miljøvennlige løysingar for gjennomføring av aktivitet i Den kulturelle skolesekken	
2 av produksjonane til DKS for skuleåret 2021/2022 er digitale	Det har vore lite tilfang på digitale produksjonar. Men på grunn av korona fekk vi omgjort to fysiske produksjonar til digitale. Desse var Drum Drum og danseverkstad med Freestyle Phanatix. Begge produksjonane vart vist "live" frå Danmark til elevar i Møre og Romsdal. Vi jobber også med utvikling av eigen produksjon som vil vere klar i 2022.
Sørge for at minst 30 % av leigebilane skal vere elbilar innan 2024	Utøvarar i DKS Møre og Romsdal som ønskjer personbil i DKS, vert spurt om vi kan leige el-bil til dei. El-bilar er litt dyrare enn bensinbil. Mange av dei som vi har spurt har svart ja på at dei ønsker El-bil. Per 31.des har vi leigd el-bilar tilsvarande ca.10 % av utøvarane.
Sørge for at 25% av programmet i DKS skal vere med regionale utøvarar og aktørar innan 2023	Av 68 produksjonar i programmet er 27 produksjonar med utøvarar/institusjonar frå Møre og Romsdal. Det utgjer omlag 39 %.
Resultatmål 5: Vektlegge miljøomsyn ved etablering og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet	
Miljøomsyn er brukt som kriterium i behandling av tilskot til bygg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet, samt i behandling av tilskot til kulturbygg.	Gjennomført ved ny anleggspolitikk, og vidareført i arbeidet med vedtatt kulturstrategi. For kulturbygg er det innarbeidd i kulturstrategien.
Innhente og vidareformidle kompetanse på klimagevinstar ved gjenbruk av bygningsmasse - kulturvern, kulturbygg, idrettsanlegg	Delvis gjennomført. Eitt av temaa på samlinga for kommunane 15. juni var energieffektive bygningar (jf. innlegg frå SIAT/NTNU).
Resultatmål 6: Stimulere til bruk av digitale møte i kulturfrivilligheita	
Kompetanseheevande kurs i bruk av digitale møteverktøy er gjennomført i samarbeid med Frivilligforum.	Ikkje gjennomført da vi ikkje fant relevant kurshaldar som møtte utfordringane.
Hovudmål 2: Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 5: Ivareta og utvikle nærmiljøa for å utøve friluftsliv, slik at alle kan vere fysisk aktive og oppleve natur i kvardagen.	
Videreføre prosjekt for friluftslivets ferdselsårer (2019-2023) i samarbeid med friluftsrådene, kommunen og Miljødirektoratet.	Det er lyst ut og fordelt stimuleringsmidler til 7 kommunar. Arrangert oppstartssamling for kommunane. Inngått samarbeidsavtale med friluftsråda.
Prioritere kommuner med planer for friluftslivets ferdselsårer i tilskotsfordelinga i 2022.	Lagt inn i anleggspolitikken.
Minimum to kommuner har sett i gang arbeidet med å utarbeide planer for friluftslivets ferdselsårer i 2021	Fleire kommunar har fått forankra arbeidet i sine planstrategiar. 8 kommunar deltok på oppstartssamling i november. Er under arbeid i to kommunar, men planane er ikkje ferdige enda.
Det er gjennomført ei utgreiing i kommunane om moglegheita for å realisere dagsturhytter	Spørreundersøking gjennomført. 17 kommunar har svart på undersøkinga.
Hovudmål 3: Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av landskapsverdiar, naturtypar og artar	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 3: Hindre tap av kulturlandsskapsverdiar	
Digitalt seminar med tema miljø og korleis hindre tap av landskapsverdiar er arrangert	Tiltaket er ikkje gjennomført.
Hovudmål 4: Møre og Romsdal skal redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg	
Tiltak per resultatmål	Status

Resultatmål 1: Ta vare på eit mangfald av kulturmiljø som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk	
Forslag til freding av Vigra kringkastar er ferdigstilt	Vigra kringkastar i Giske kommune vart somaren 2022 dokumentert ved hjelp av 3D-skanning, foto og teikning. Forslag om freding er ikkje ferdigstilt.
Ferdigstille kartlegging av tilstand på freda kulturminne/miljø i fylket	Fortløpende arbeid gjennom 2021, men grunna pandemi og tidlegare reiserestriksjoner har det vore utfordrande store deler av fjoråret. Det vart gjennomført omfattende registreringar på Nordmøre.
Starte opp tilstandsregistrering av lokale og regionale kulturminne i ein kommune	Det er gjennomført veiledningsmøte med Stranda kommune og lokale registratorer hyret inn av Stranda kommune
Ferdigstille KULA-prosjektet i Møre og Romsdal	Utkast sendt til Riksantikvaren som vil legge dette til høyring før vedtak.
Starte opp NB+ kartlegging (Kulturmiljø av nasjonal interesse i byar og tettstader) i samarbeid med Riksantikvaren	Er utsatt i påvente av initiativ til register frå Riksantikvaren.
Hovudmål 6: Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 2: Styrke kunnskap og beredskap omkring klimatiske truslar mot kulturminne og kulturmiljø	
Beredskapsplan for fonnefunn er evaluert og revidert	Delar av grunnlagarbeidet er gjort, men beredskapsplanen er ikkje endeleg evaluert og revidert.
Hovudmål 7: Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 2: Stimulere til gjenbruk av bygningsmasse gjennom aktivt og haldningsskapande arbeid	
Eksempelsamling på gjenbruk av gammal bygningsmasse er utarbeidd og gjort tilgjengeleg for kommunar og andre interesserte	Ei nasjonal eksempelsamling er under arbeid i regi av Riksantikvaren. Vi samarbeider om å finne dei beste døma frå fylket. Arbeidet vil halde fram i 2022 for vidare publisering på nett. https://eksempelsamling.ra.no/

Inkluderings- og kompetansefylket

Hovudmål 1: Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrslø, tryggleik og tilgjenge	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 1: Gjennomføre og formidle resultat frå folkehelseundersøkingar i Møre og Romsdal	
Folkehelseundersøking er gjennomført i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI), kommunane og høgskolane i fylket	Gjennomført med god svarprosent.
Formidla resultat av undersøkinga til politikarane, kommunane og innbyggjarane i fylket	Det er arrangert fleire webinar for å formidle resultat. Eigne nettsider for undersøkinga. Kommunetabellane er omarbeidd og gjort lettare tilgjengelege. Tema frå resultat er publisert i fylkesstatistikken og kommunestatistikken. Kronikk om universell utforming er skrevet.
Utforme tiltak på tvers av fagområda i fylkeskommunen i den resterande økonomiplanperioden	Resultata frå undersøkinga skal bli lagt til grunn for tiltak i dei enkelte avdelingane. Undersøkinga er tema i planforum.
Stimulere til vidare bruk av data i dei regionale forskingsmiljøa	Aktuelle tema for masteroppgåver er sendt Høgskulen i Volda. Dialog med Møreforskning og høgskulane om temaet. Møreforskning har fått eit oppdrag med vidare analyser.
Resultatmål 2: Auke fokuset på samanhengen mellom folkehelse og deltaking i kulturaktivitetar i gjennomføring av «Program for folkehelsearbeid i kommunane»	
Følgd opp programkommunane frå 2019 og 2020 i samarbeid med FoU gruppa	Vi har jamleg kontakt, møter og dialog med kommunane som har fått tilskot i Folkehelseprogrammet og FoU-gruppa. Det er oppretta ein digital arena for prosjektleiarane i dei seks tiltaka som har møter om lag ein gong i månaden.
Dei siste programkommunane er fasa inn og oppmoda om samarbeid med kultur og frivillig sektor	Den siste programkommunen er fasa inn, og prosjektet handlar om å skape eit rikare læringsmiljø for barn og unge i grunnskolen prega av inkludering, tilhøyrslø, trivsel og meistring gjennom bevisst bruk av kunst- og kulturfagene.
Formidla og tatt i bruk resultat frå undersøkingar om kultur og folkehelse	Resultata frå undersøkinga er presentert for kommunar og samarbeidspartnarar.
Formidle til kommunane og fylkesmannen resultat av kartlegging av barn og unge sin kulturbruk.	Gjennomført som dialogmøte med kommunane i juni 2021.
Resultatmål 3: Prioritere rehabilitering og utvikling av anlegg som aukar aktiviteten i grupper som er inaktive	
Samling med kommunane med tema anleggsutvikling og aktivitet er gjennomført	Gjennomført

Hovudmål 4: Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og

Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 8: Styrke samarbeidet mellom kulturskular, grunnskule og vidaregåande skule innan praktiske og estetiske fag	
Ny modell for elevmedverknad for DKS i VGS er etablert	Alle vidaregåande skolar vart orientert om den nye modellen i brev 7.12.2021. Elevar frå Volda og Sunndal VGS, samt representant frå ungdomspanelet er involvert.
Arrangere eit digitalt kulturtorg for VGS for å sikre elevmedverknad	Utført 11.2.21
Arrangere 3 UKM-nettverksmøter der fleire typar aktørar deltek	Det er gjennomført fire nettverksmøter med UKM-nettverket med fokus på utvikling av ny modell i UKM. Det er ikkje kopla inn fleire aktørar her, men mange i nettverket er tilsett ved kulturskolar eller jobbar med ungdomsklubb og DKS med meir. Samstundes er det arrangert to møter i ei arbeidsgruppe som ser på ein ny samarbeidsavtale mellom kommunar og fylkeskommune om UNG kunst og kultur, i arbeidsgruppa er både DKS, UKM og kulturskole representert.
Forskningsprosjekt om effektane av skolens tilbod innan kunst og kultur til barn og unge i eit folkehelseperspektiv er etablert i samarbeid med høgskular og direktorat	Det er inngått rammeavtale med Møreforskning knytt til følgjevaluering av dei to prosjektene nemnt ovanfor. Parallelt går ein prosess der fylkeskommunen søker Forskningsrådet om midlar til innovasjonsprosjekt i offentlig sektor. I dette arbeidet deltek Møreforskning, Helseinnovasjonsnteret, Sintef Digital og Oxford Reserach. Om slik tildeling vert gitt, er det naturleg å inngå samarbeidsavtale med alle desse aktørane.
Resultatmål 9: Synleggjere og styrke biblioteka og dei frivillige organisasjonane sin posisjon og rolle for å fremme livslang læring	
4 regionale samlingar med tema samarbeid mellom bibliotek og frivillige organisasjonar for å fremme livslang læring er arrangert	Det er oppretta ressursgruppe med 4 folkebibliotek (Molde, Tingvoll, Sykkylven og Volda). Første møte med ressursgruppa var 22. juni. 28. oktober og 3. og 4. november vart samlingane gjennomført i Tingvoll, Sykkylven og Volda. Samling i Molde vart avlyst på grunn av få påmeldte.
Resultatmål 10: Utvikle toppidrettsatsinga i fylket	
Moglegheita for - og eventuell finansiering og etablering av - toppidrettsatsinga i fylket er avklart.	KUL og UTD (KON) er representert i Toppidrettsutvalg som MRIK har etablert. Det er ikkje avklart modell på toppidrettsatsninga enda, men det vert jobba med.

Hovudmål 5: Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert

Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 4: Styrke folkebiblioteka som desentraliserte litteraturhus og aktive formidlarar av kunnskap	
Følgje opp det 3-årige prosjekt Litteraturhus Møre og Romsdal	I rapport frå 01.07.21 går det fram at på Sunnmøre har dei fleste kommunane hatt to arrangement, men at grunna covid-19 (lokale utbrot) har dei fleste arrangementa på Nordmøre og Romsdal blitt flytta til haust 2021. Neste rapporteringsfrist er 01.07.22.
Prosjekt med formidling av Kulturfondbøker er sett i gang i 26 kommunar	Fylkeskommunen er med i eit større nasjonalt prosjekt om formidlingskompetanse i folkebiblioteka. Formidling av kulturfondbøker er del av dette i 2021/2022, i form av ein "kulturfondstafett", der MR har tredje etappe som skal vere gjennomført innan 31.01.22.
Oppstart av utviklingsprosjekt knytt til folkebibliotek og berekraft i 2022 (ja/nei)	Innvilga søknad og tildelt 350 000 kr frå Nasjonalbiblioteket. Prosjektet har vore utsett grunna covid, oppstart vart derfor flytta til 2022. Vi planlegg for fysisk oppstart i mars, dersom dette ikkje kan gjennomførast blir det felles fagdag digitalt.
Resultatmål 5: Stimulere til at det blir utvikla fleire profesjonelle kunst- og kulturproduksjonar innan alle kunstfelt	
Verkemidlar til profesjonelle kunst- og kulturproduksjonar innan alle kunstfelt er lyst ut	Desse midlane er omdisponert til stimuleringsordning våren 2021.
Potensialet for eit skulpturlandskap i Møre og Romsdal er utgreidd	Er starta opp i 2021 - utgreiingsarbeidet vert gjort internt i kulturavdelinga, med ferdigstilling feb 2022.
Resultatmål 6: Styrke kunnskapen om og forvaltninga av verdifulle kulturmiljø i by og tettstad	
Gjennomføre eit kompetanseheevande kurs for kommunar og relevante aktørar om forvaltning av verdifulle kulturmiljø i by og tettstad (ja/nei)	Fagseminar om gjenreisingsarkitektur i Møre og Romsdal er gjennomført våren 2021 for kommunar, eigarar, eigdomsutviklarar og arkitektar. Fylkeskulturkonferansen hausten 2021 i Kristiansund hadde fleire innlegg relatert til verdiskaping og forvaltning av kulturmiljø.
Moglegheit for etablering av Artists in Residence (AIR) i Geiranger saman med Verdsarvstiftinga Geirangerfjord og musea på sunnmøre/KUBE er avklart	Forprosjekt rapport er levert. Forprosjektet vart større en forventta, så Verdsarvstiftinga går inn i fase 2 av forprosjektet.

Hovudmål 6: Møre og Romsdal skal ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfald og engasjement

Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 1: Støtte opp om og stimulere til relevant og tilgjengeleg kulturliv	
Ta i bruk digitale produksjonar i den kulturelle spaserstokken x1	Det er inngått avtale om filmframvisning av bokbad med Edvard Hoem og vil bli gjennomført i 2022.
Mangfald og tilgjenge er etablert som kriterium i tildelinga av fylkeskommunale prosjekttilskot til aktivitet i kulturlivet	Nye retningslinjer blei vedteken i KNF seinsommar/tidleg høst, kor mangfald og tilgjengelegheit vart inkludert i vilkåra for prioritering av tilskot.
Resultatmål 2: Musea skal vere dagsaktuelle, relevante og samfunnsengasjerte institusjonar	
Evalueringa av fellestenestene i musea er slutført	Evaluering utført, rapport og sak lagt fram for politisk behandling, KNF -98/21, den 26.10.21. Det er gjennomført oppfølgingsmøter med musea i etterkant av rapporten for vidare tiltak. Vi jobber vidare med utarbeiding av mal for årlig rapportering av fellestenester i 2022.
Utfordre musea til å utvikle nye DKS-verksteder og produksjonar om vanskelig kulturarv	Utført i møte med alle formidlingsansvarlege i musea i Møre og Romsdal november 2020

Resultatmål 3: Fremme heilskapleg tenking rundt arkiv, bibliotek og museum (ABM)	
ABM-konferanse i samarbeid med IKA MR er gjennomført	Arrangert på Vestnes fjordhotell 22.-23.november. ca. 30 deltakarar fordelt på to dager. Samarbeid med IKAMR og NBF.
Etablere nettverk for arkiv, bibliotek og museum med formål om tettere samhandling og utvikling av tiltak frå 2022-2024.	Etablering av nettverk var del av programmet under ABM-konferansa. Eit gruppearbeid bekrefta ønske om og relevans for eit nettverk. Første nettverksmøtet skal avhaldast 07.02.22 digitalt. Det var ønske frå praksisfeltet at fylkeskommunen skal drive nettverket, dette gjer vi i første periode.
Utvikle eit fireårig samarbeidsprosjekt for å utvikle tiltak, etter vedtak om fylkesstrategi for kultur i 2022.	Fireårig samarbeidsprosjektet i ABM-sektoren har vore vurdert og diskutert i ulike fora. Det er bestemt at programsatsinga Ein bit av historia skal omstrukturert og få eit sterkare ABM-fokus. Dette blir gjort i staden for etablering av ny firerårig programsatsing for ABM. Revidert prosjektplan for Ein bit av historia vart vedteke i november 2021 og har eit uttalt fokus på arkiv, bibliotek og museumssektoren. Det er fleire tiltak i programmet for 2022 knytt til å styrke sektoren.

Verdiskapingsfylket

Hovudmål 2: Møre og Romsdal skal skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 3: Styrke kunstnarøkonomien	
Etablere et nytt prosjekt med mål om å utvikle nye verktøy og modellar for samhandling og verdiskaping innan kulturelle og kreative næringer.	Strategi og innramming for nytt verdiskapingsprogram innen kulturelle og kreative næringer vedtatt av KNF i juni.
Ny tilskotsordning med formål om å stimulere til innovasjon og produktutvikling er etablert	1 mill bransjeutvikling vart omdisponert til stimuleringsmidler covid i sak LNF xx/21 (sjekk)
Hovudmål 3: Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlige produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 1: Gjennomføre tiltak og vidareutvikle verdiskapingsprogrammet «Ein bit av historia»	
Utrede og etablere et delprosjekt med tema krigens kulturminner og fylleden med kommunar, friluftsråda og relevante historiske lag og organisasjonar	Fakta grunnlag for krigens kulturminner er samla inn og systematisert, men vil også bli vidareutvikla. Vårt arbeid vart presentert på Riksantikvarens høstmøte i Bodø høsten 2021. Det er etablert kontakt med sentrale "historiske aktører" i fylket.
Kystpilegrimsleia er lagt inn på morotur.no som gjennomgåande reise/turoppleving	Arbeidet starta i juni. Gitt tilskot til Regionalt kystpilegrimssenter (RPS Smøla) i juli 2021. RPS Smøla sørger for at alle seks senter blir lagt til og formidla i reisilivsappen Voice of Norway.
Igangsette hovudprosjekt for istandsetting og restaurering av utvalt strekning av Den Trondhjemske postvei	
Utvikle og teste tre digitale kulturarvsproduksjonar	Arbeidet pågår for Veøy og Smøla. Borgund er på vent, men FOU-samarbeid etablert med "Borgundprosjektet/Univ. i Bergen
Samen med reiselivsaktørar bidra til å utvikle reiselivspakker basert på kulturarv for Møre og Romsdal i 2022	Dialog med reiselivsselskapene er starta opp, men det er ikkje gjennomført konkrete tiltak.
Resultatmål 2: Forbetre og vidareutvikle morotur.no	
Gjøre morotur.no mer brukervennlig, forbedre innholdet og gjøre databasen offentlig tilgjengelig.	Framleis begrensa progresjon i utviklinga frå TIBE.
Det er gjort avklaringer for godkjenning av bruken av data som offentlig datasett for alle turene på morotur.	Dette ligg som neste punkt for gjennomføring hos TIBE
Det er formalisert ein avtale om kommunalt redaktøransvar for morotur i 15 kommuner	22 kommunar har brukarar i morotur med redaktørtilgang og vi har god dialog med alle kommunar. Ansvar er ikkje formalisert i ein skriftleg avtale.
Hovudmål 4: Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, og auke bruken av forskning, internasjonalt arbeid og innovative innkjøp	
Tiltak per resultatmål	Status
Resultatmål 6: Legge til rette for ein kunnskapsbasert kulturpolitikk	
"Kulturstatistikk for Møre og Romsdal" er utarbeidd	Vi har prioritert i ferdigstille utkast til fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer. Har i forbindelse med arbeidet med fylkesstatistikken samla statistikk som kan brukast også her.
Inngå samarbeid med andre aktørar om å utvikle ny kunnskap for kulturfeltet	Det er blitt gjennomført workshopar i samband med utarbeiding av fylkesstrategi for kultur.
4 stipend til masteroppgåver knytt til idrett, folkehelse, allmennkultur, kulturarv, kulturelle og kreative næringer, og likestilling er delt ut	Seks stipend vart tildelt i starten av desember. Oppgåvene omhandlar idrett, folkehelse i byutvikling og digital formidling av kulturarv.